

Arbeidsdepartementet

[postmottak@ad.dep.no](mailto:postmottak@ad.dep.no)

Dykkar ref.

Vår ref.

10/933-3/ 10/6948/419, &13/LTA

Dato:

Manger: 01.10.2010

## **POLITIATTEST FOR TILSETTE I VTA-VERKSEMDER - HØYRING**

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 25.06.2010.

Radøy kommune sitt Råd for menneske med nedsett funksjonsevne handsama sak i møte 28.09.2010, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

*”Radøy kommune meiner at kravet til politiattest skal omfatta både tilsette og tiltaksdeltakarar i VTA-verksemder. Kravet må også gjelda dei som allereie er i VTA-arbeid, og for utlendingar utanfor EØS-området, som skal tilsetjast i VTA-verksemder, må det innførast krav om butid tilsvarande som for andre samanliknande tilfelle. Bakgrunnen er at personar med psykisk utviklingshemming har eit særleg behov for vern/omsyn og dette må tilleggjast avgjerande vekt i saka.*

*For tiltaksdeltakarar bør det likevel vurderast nærare om det kan gjevast opning for å delta i tiltak når politiet, NAV og verksemda er samde om at det føreligg forhold og tryggleikstiltak som gjer det forsvarleg å ta inn deltakaren i tiltaket.”*

Utskrift av møteboka til rådet følgjer vedlagt.

Formannskapet skal handsama saka 7. oktober 2010, og det vil vera dette organet som gjev Radøy kommune sin endelege uttale i høyringssaka.

Den endelege uttalen frå Radøy kommune vil difor verta ettersendt.

Med helsing

Christian Fotland  
Rådmann

Leif Taule  
ass. rådmann

## Vedlegg

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	28.09.2010	006/10	LTA
Formannskapet	07.10.2010		LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Formannskapet <b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Arkiv:</b> K1-419, K3- &13 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 10/933
--	---	-----------------------------

### POLITIATTEST FOR TILSETTE I VTA-VERKSEMDER - HØYRING

#### Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	25.06.2010	Det kongelige arbeidsdepartementet	Politiattest for tilsette i VTA-verksemder - høyring

#### Saksutgreiing:

I høyringsnotatet frå Arbeidsdepartementet med høyringsfrist 1.10.2010, vert det sett på moglegheita for å ta inn ei ny bestemming i Lov om arbeidsmarknadstenester som regulerer krav til politiattest for tilsette i verksemder som tilbyr tiltaket varig tilrettelagt arbeid (VTA). Dersom det vert innført eit slikt krav om politiattest, legg departementet til grunn at kravet i utgangspunktet skal innførast for alle tilsette, inklusive tiltaksdeltakarar, som kan koma i situasjonar eller posisjonar der overgrep eller skadeleg påverknad overfor utviklingshemma kan finna stad. Politiattest for utviklingshemma tiltaksdeltakarar reiser spesielle problemstillingar, og departementet ber difor spesielt om høyringsinstansane sitt syn på dette spørsmålet. Det vert også bede om synspunkt på spørsmålet om det bør innførast krav til butid for utlendingar utanfor EØS-området, for å ivareta kravet til vandelskontroll av tilsett i VTA-verksemder, og om eit eventuelt krav om butid bør vera 5 år eller kortare. Ved innføring av ovannemnde krav om politiattest i VTA-verksemder, oppstår også spørsmålet om kravet også skal gjelda dei som allereie er i arbeid i slike stillingar. Det vert difor også bede om synspunkt på dette spørsmålet.

#### Vurdering

Målgruppa for VTA-tiltak er personar som har – eller i nær framtid forventast å få – innvilga varig uførepensjon. Utviklingshemma utgjer f.t. 35 % av dei som er i VTA-tiltak. Vurderinga av å ta inn den omtalte nye bestemminga er knytta opp mot vern/omsyn for denne gruppa. Utviklingshemma utgjer ei ueinsarta og mangfaldig gruppe. Samla sett er gruppa sårbar og har eit særleg behov for vern ut frå dette. Eit VTA-tiltak byggjer nettopp på dette; det skal vera ei trygg, føreseieleg og verna ramme for arbeid og aktivitet.

Politiattest synest som eit fornuftig og hensiktsmessig tryggleiksmessig tiltak, også i høve tilsette i VTA-verksemder, særleg fordi krav om politiattest er innført på andre område der det vert ytt tenester til personar med utviklingshemming. Kravet må også gjelda for dei som alt er

i arbeid i slike stillingar. Dette fordi det må leggjast avgjerande vekt på det særlege behovet for vern/omsyn som utviklingshemma har. For utlendingar utanfor EØS-området som vert tilsett i VTA-verksemder, bør det innførast butid for å ivareta kravet til vandelskontroll. Lengda på butida bør vera tilsvarande som for andre samanliknande tilfelle.

Når det gjeld tilsvarande krav om politiattest for tiltaksdeltakarar, vil dette kunna føra til at ein del deltakarar vil bli utestengt av tiltaka, særleg vil dette gjelda i verksemder som har tiltak utover VTA. Det bør difor vurderast nærare om det kan gjevast opning for å delta i tiltak når politiet, NAV og verksemnda er samde om at det føreligg forhold og tryggleikstiltak som gjer det forsvarleg å ta inn deltakaren i tiltaket.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune meiner at kravet til politiattest skal omfatta både tilsette og tiltaksdeltakarar i VTA-verksemder. Kravet må også gjelda dei som allereie er i VTA-arbeid, og for utlendingar utanfor EØS-området, som skal tilsetjast i VTA-verksemder, må det innførast krav om butid tilsvarande som for andre samanliknande tilfelle. Bakgrunnen er at personar med psykisk utviklingshemming har eit særleg behov for vern/omsyn og dette må tilleggjast avgjerande vekt i saka.

For tiltaksdeltakarar bør det likevel vurderast nærare om det kan gjevast opning for å delta i tiltak når politiet, NAV og verksemnda er samde om at det føreligg forhold og tryggleikstiltak som gjer det forsvarleg å ta inn deltakaren i tiltaket.

#### **28.09.2010 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Rådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **KMNF-006/10 VEDTAK:**

Radøy kommune meiner at kravet til politiattest skal omfatta både tilsette og tiltaksdeltakarar i VTA-verksemder. Kravet må også gjelda dei som allereie er i VTA-arbeid, og for utlendingar utanfor EØS-området, som skal tilsetjast i VTA-verksemder, må det innførast krav om butid tilsvarande som for andre samanliknande tilfelle. Bakgrunnen er at personar med psykisk utviklingshemming har eit særleg behov for vern/omsyn og dette må tilleggjast avgjerande vekt i saka.

For tiltaksdeltakarar bør det likevel vurderast nærare om det kan gjevast opning for å delta i tiltak når politiet, NAV og verksemnda er samde om at det føreligg forhold og tryggleikstiltak som gjer det forsvarleg å ta inn deltakaren i tiltaket.

